



Vinje kommune

1. tertialrapport 2008

A: Økonomirapport 1. tertial 2008

B: Tertialrapportar frå einingane pr. 30.04.2008

Rådmannen 09.06.2008
Sissel Jacobsen Bitustøyl
Jan Myrekrok

A. Økonomirapport 1. tertial 2008

Tabellar:

1. Driftsrekneskap pr. 30.04.08 med årsprognoser for 2008
2. Investeringsrekneskap pr. 30.04.08 med årsprognoser for 2008
3. Balanserekneskap for Vinje kommune pr. 30.04.08.

Kommentarar:

Driftsrekneskapet:

Skatteinngangen for dei ordinære inntektskattane ligg svakt i overkant av fjorårets tal dei fire første månadane i 2008. Det er til no kome inn 60,7 mill. kr. mot 59,9 for same periode i fjor. Det er førebels ingenting som tyder på at ein når det budsjetterte skatteanslaget. Rådmannen vil tilrå at dette vert korrigert ned til 115 mill.

AVVIKS-TABELL SKATTEINNGANG

TAL I HEILE TUSEN

MÅNAD	2007	2008	KRONEBELØP	%-VIS
			ENDRING	ENDRING
JANUAR	8 961	8 897	-64	-0,7
FEBRUAR	17 369	20 257	2 888	16,6
MARS	10 869	11 652	783	7,2
APRIL	22 715	19 925	-2 790	-12,3
SUM FØRSTE TERTIAL	59 914	60 731	817,0	1,4

Eigedomsskatten stoppar i 2008 på 49,784 mill. kr. Dette er 0,716 mill. kr. under budsjett. Bakgrunnen for dette er ein glipp frå Hydrologiservice som foresto takseringsarbeidet i vinter. Dei innhenta berre tal frå VTK, trass i skriftleg bestilling av omtaksering på fleire skatteobjekt. Det må elles takast ei alminneleg omtaksering for å fange fleire skatteobjekt som har kome til etter førre runde tilbake i 1991.

Eit anna uheldig tilhøve i kjølvatnet av det mangelfulle takseringsarbeidet, er at totalprisen på levert straum vert ulik for abonnentane i kommunen. Prisen vert i praksis 1 øre dyrare for VTK-abonnentane enn RK-abonnentane. Rådmannen vil rå til ei tilsvarende prisjustering for straumsal til Vest-Telemark kraftlag i 2008. Denne korreksjonen ser ikkje ut til å påverke budsjetterte inntekter på straumkapitlet, ettersom fjorårsrekneskapen synte ei meirinntekt på 1,6 mill. kr.

Netto finansinntekter har også ei tilfredstillande utvikling.

Folketalet minska med 49, til 3 635 innbyggjarar ved årsskiftet. Dette verkar inn på rammetilskotet, som reduserast. Samanstilt med konsekvensane av revidert

nasjonalbudsjett, ser ein at rammetilskotet vert kr. 73.000,- lågare enn ein la til grunn i årsbudsjettet, trass i ei nedjustering av skatteanslaget.

Nøkternt sett vil dei momenta innan frie inntekter som til no er kommentert medføre ei svekka inntektsside med 5,789 mill. kr. På plussida noterer ein seg at budsjettmålet for renteinntektene allereie er nådd. Vidare fekk kommunen 10,945 mill. kr. i momskompensasjon i 2007. Årets budsjett er 7,759 mill. kr. Auken i moms-kompensasjon i første tertial er kr. 663.000,- samanlikna med 2007. Veksten på desse områda gjer imidlertid til at frie inntekter samla sett ikkje vert lågare enn føresett. Framlegg til korrigeringar av desse faktorane er lagt fram i saksframstillinga.


Heimetenestene, Edland barnehage og Teknisk Drift og Vedlikehald har kommentert avvik/utfordringar når det gjeld økonomiske tilhøve ved drifta så langt i 2008.

Investeringsrekneskapet

Fleire prosjekt kan ha for knappe rammer, når ein ser anboda kome inn. Førebels vil ein likevel ikkje be om meir midlar, men ønskjer den omdisponeringa mellom prosjekta i Vågslid som er drøfta med formannskapet. Generelt møter kommunen større utfordringar i møtet med aktørane i byggebransjen, i høve til gjennomføring / tolking av anbod og oppdrag. I einskilde høve har ein måtte bruke juridisk bistand for å kome i hamn.

Likviditet

Likviditeten i kommunen har i 1. tertial vore langt betre enn i 2007. Ved utgangen av 1. tertial er kommunen sin likviditet på omlag 172,3 mill. kr., mot 82,5 mill. på tilsvarende tidspunkt i 2007. Den betra likviditeten skuldast hovudsakleg at fleire prosjekt, både for i år og frå tidlegare år, ikkje er gjennomførte, samt at ein har vore tidleg ute med det budsjetterte låneopptaket. På grunn av marknadsrenta har ein oppnådd positiv rentemargin på lånemidlane. Ein er ikkje uroa for likviditeten i 2008, men følgjer utviklinga nøye.



Balanse**BALANSEREKNESK.****VINJE KOMMUNE PR. 30.4. 2008**(heile tusen) **PR. 30.04.2008** **PR. 30.04.2007****EIGENDELAR:****A. Anleggsmidler 2.2.**

Faste eigedomar og anlegg	kr	419 123	kr	403 504
Utstyr,maskinar og transp.midlar	kr	13 809	kr	12 653
Utlån	kr	41 973	kr	11 908
Aksjar og andelar	kr	45 161	kr	44 204
Pensjonsmidlar	kr	269 000	Kr	246 183
Total anleggsmidler	kr	789 066	Kr	718 452

B. Omløpsmidlar 2.1.

Kortsiktige fordringar	kr	61 114	Kr	83 517
Aksjar og andelar	kr	-		
Sertifikat	kr	-		
Premieavvik pensjonar	kr	9 494	Kr	7 960
Kasse,postgiro og bankinnskot	kr	175 281	Kr	78 048
Totalt omløpsmidlar	kr	245 889	Kr	169 525

EIGENKAPITAL OG GJELD**PR. 30.4.2008****PR. 30.4.2007****C. Eigenkapital 2.5**

Disposisjonsfond	kr	15 834	kr	13 452
Bundne driftsfond	kr	21 489	kr	15 465
Ubundne investeringsfond	kr	28 011	kr	15 559
Bundne investeringsfond	kr	71	kr	136
Rekneskapsm.meir/mindreforbr. invest.	kr	4 243	kr	190
Rekneskapsm.mindreforbruk drift	kr	13 477	kr	17 268
Rekneskapsmessig meirforbruk drift				
Likviditetsreserve	kr	3 509	kr	2 254
Kapitalkonto	kr	398 208	kr	364 787
Total eigenkapital	kr	484 842	kr	429 111

D. Gjeld

Langsiktig gjeld: 2.4

Ihendehavarobligasjonar

Pensjonsforpliktingar

Andre lån

kr	307 293	kr	285 144
kr	130 555	kr	71 058

Kortsiktig gjeld: 2.3

Kassakredittlån

Anna kortsiktig gjeld

Premieavvik

kr	52 934	kr	44 603
kr	3 693	kr	3 468

Total gjeld

kr	494 475	kr	404 273
-----------	----------------	-----------	----------------

Sum totalt

kr	1 034 955	kr	887 977	kr	979 317	kr	833 384
-----------	------------------	-----------	----------------	-----------	----------------	-----------	----------------

Differanse aktiva/pasiva pr 31.8. **kr 32 940 373,00****Memoriakonti:**

Ubruka lånemidler

Andre memoriakonti

Motkonto fro memoria

kr	44 154	kr	2 002
kr	2 836	kr	536
kr	-46 990	kr	-2 538
kr	-	kr	-

NETTO inntekt INVEST.PR.30.4.08**kr 2 411 426,00****NETT INNT. DRIFT PR.30.4.08****kr 53 226 190****INNTEKT 30.8.07 = KR 32.940.373**

Hovudkonklusjonar

Tertialrapporteringa syner at dei fleste einingane har kontroll over økonomien. Tre av einingane kan ha vanskar. Frie inntekter går samla sett i balanse.

Det er ikkje varsla store overskridingar på investeringsprosjekta i 2008. Men to prosjekt har behov for omfordeling av midlar.

Likviditeten er betre enn fjoråret, sjølv om budsjetterte låneopptak er gjennomførte enno. Ein er ikkje uroa over likviditeten i 2008, men vil følgje nøye med på utviklinga.

Driftsrekneskap

	Rekneskap pr. 30.04.08	Andel av årsbudsjettet etter 1. tertial i		Årsprognose 2008	Årsbudsjett 2008	Avvik 2008	
		2008	2007				
		1	Skatt på formue og eige				-60 743
2	Ordinært rammetilskot	-15 957	51,9 %	31,8 %	-30 668	-30 741	73
3	Skatt på eigedom	-49 784	98,6 %	100,1 %	-49 784	-50 500	716
4	Andre direkte eller indirekte skattar	0	0,0 %	0,0 %	0	0	0
	<i>Konsesjonsavgifter</i>				-21 600	-21 600	
	<i>Konsesjonskraft</i>						
5	Andre generelle statstilskot ²	-89	3,4 %	6,1 %	-6 605	-2 605	-4 000
	<i>Tilskot til flyktingar</i>						
	<i>Reform 97</i>						
	<i>Psykiatritilskot</i>				0	0	
	<i>Amortiseringstilskot, eldre</i>						
	<i>Momskompensasjon</i>				-11 759	-7 759	
	<i>Tilskot skulebygg</i>	-89			-355	-355	
	<i>Andre tilskot</i>	0			-2 250	-2 250	
6	Sum frie disponible inntekter	-126 573	56,1 %	69,7 %	-223 657	-225 446	1 789
7	Renteinntekter og utbyte	-3 059	74,6 %	34,7 %	-5 889	-4 100	-1 789
	<i>Forsinkingsrenter</i>						0
	<i>Renteinntekter</i>	-2 868			-4 489	-2 700	-1 789
	<i>Utbyte frå selskap</i>	-191			-1 400	-1 400	0
8	Renteutgifter, provisjon o.a. finansutg.	786	11,8 %	17,7 %	6 657	6 657	0
	<i>Tap på krav</i>						0
	<i>Renteutgifter på lån</i>	786			6 657	6 657	0
	<i>Kurstap/kursgevinst</i>				0	0	0
9	Avdrag på lån	2 083	35,8 %	31,7 %	5 815	5 815	0
					0	0	0
	<i>Avdragsutgift på lån</i>	2 083			5 815	5 815	0
10	Netto finansinntekter/utgifter	-190	-2,3 %	19,4 %	6 583	8 372	-1 789
11	Til dekking av tidl. års rekneskapsmessige meirforbruk	0			0	0	0
12	Til ubundne avsetjingar	0			11 401	11 401	0
13	Til bundne avsetjingar ¹	0	0,0 %	0,0 %	21 600	21 600	0
	<i>Avsetjing til konsesjonsavgiftsfond</i>	0		0	21 600	21 600	0
	<i>Avsetjing til næringsfond</i>	0			0	0	0
	<i>Andre bundne avsetjingar</i>	0					
14	Bruk av tidl. års reknesk.messige mindreforb.	0					0
15	Bruk av ubundne avsetjingar						0
16	Bruk av bundne avsetjingar		0,0 %	0,0 %	-3 884	-3 884	0
	<i>Bruk av konsesjonsavgifter i drift</i>	0				0	0
17	Netto avsetjingar	0	0,0 %	0,0 %	29 117	29 117	0
18	Overført til investeringsrekneskapen	549			3 158	3 158	0
19	Til fordeling drift	-126 214			-184 799	-184 799	0
20	Sum fordelt til drift	69 213	37,5 %	68,1 %	184 799	184 799	0
21	Meirforbruk/mindreforbruk	-57 001			0	0	0

Investeringsrekneskap

Prosjekt		Årets budsjett 2008	Vedteke kostnadsramme	Medgått pr. 31.12.07	Medgått 2008	Totalt medgått pr. 30.04.08	Gjenstår av løyving
Namn:	Frå år		Pr. 31.12.08		Pr.30.4.		Pr.30.4. 2008
Invest.kyrkjer	2006	690 000	1 560 000	870 000	230 000	1 100 000	460 000
IKT	2007		2 000 000	408 113	465 292	873 405	1 126 595
Hakkespetta ny avd.	2007		6 400 000	269 607	7 162	276 769	6 123 231
Kommunehuset heis	2007	1 500 000	3 000 000	180 685	1 258 136	1 438 821	1 561 179
Komm.huse straumagregat	2008	350 000	350 000			0	350 000
Åmot skule (rest 07 2495224 til 0112020)	2005	500 000	654 776	154 776	6 965	161 741	493 035
Rauland småskule	2006		4 029 000	3 963 774		3 963 774	65 226
Edland bhg (bud eks.innt 500.000,-)	2006		4 013 445	4 013 445	145 993	4 159 438	(145 993)
Hakkespetta parkering	2006		600 000	527 931		527 931	72 069
Vinje oppveksts. Gjerde	2007		200 000	189 076		189 076	10 924
Rauland bhg uteområde	2007	200 000	400 000	102 118		102 118	297 882
Edland bhg uteområde	2007		200 000	168 712		168 712	31 288
Dampovnar skulane	2007	400 000	400 000	249 475	192 786	442 261	(42 261)
Edl.skule gjerde mot E134	2008	1 100 000	1 100 000			0	1 100 000
Åmot småskule(2495224 frå 0112008 -07)	2008	1 500 000	3 995 224		632 000	632 000	3 363 224
Hakkespetta støtdemp.leikeplass	2008	100 000	100 000			0	100 000
Rauland omsorgssenter	2004		3 800 000	3 717 822	0	3 717 822	82 178
Vinje omsorg ombygg.	2005		182 000	139 637	31 431	171 068	10 932
Rauland oms. uteomr.	2006	1 200 000	2 400 000	673 094	9 405	682 499	1 717 501
Brannsikring trygdebustadar	2007		1 907 132	106 147	0	106 147	1 800 985
Psykiatribustadar prosjektering	2007		200 000	167 240	0	167 240	32 760
VHS Parabollegg	2008	130 000	130 000				130 000
Oms.bustadar Åmot prosjekt	2008	200 000	200 000				200 000
Vestli kjøkken opv.maskin	2008	200 000	200 000				200 000
Nordheimstunet uteomr.	2008	1 900 000	1 900 000				1 900 000
VHS straumagregat	2008	350 000	350 000				350 000
Vinjar opprusting	2006		1 200 000	917 087	417 589	1 334 676	(134 676)
Dyre Vaa bygget	2006		1 700 000			0	1 700 000
Vinjehuset avfukt.anlegg	2007		480 000	203 398	0	203 398	276 602
Vinjehuset nytt amfi	2007		1 000 000	889 433	64 583	954 016	45 984
Myllarheimen restaurering	2007		100 000	31 874	0	31 874	68 126
Raulandshuset 2/3 byggesteg	2007	17 000 000	22 131 000	2 128 304	481 502	2 609 806	19 521 194
Vinjehuset scene	2008	3 300 000	3 300 000			0	3 300 000
Lydanlegg samf.husa	2008	400 000	400 000			0	400 000
VA 12 delprosjekt	2005	915 000	3 608 000	2 455 610	226 773	2 682 383	925 617
Hovdestadmogen	2005		2 000 000	375 000		375 000	1 625 000
Små avløpsanl.	2006	500 000	1 100 000	29 361		29 361	1 070 639
Avløpsledn. Hadland/Raul.	2006		3 800 000	3 226 601	0	3 226 601	573 399
Vågslid renseanlegg	2007	3 500 000	6 500 000	413 130	205 830	618 960	5 881 040
Trykkaukstasjon Haukelid	2007		600 000			0	600 000
Tørestasjon bubilar Rauland	2007		250 000	204 770	5 358	210 128	39 872
Tørestasjon bubilar Haukeli	2007		150 000	101 288	0	101 288	48 712
Høgdebasseng Oksatjønn	2007		4 200 000	3 870 407	35 682	3 906 089	293 911

Prosjekt		Årets budsjett 2008	Vedteke kostnads- ramme	Medgått pr. 31.12.07	Medgått 2008	Totalt medgått pr. 30.04.08	Gjenstår av løyving
Vatn-og avlaupsplan	2007		600 000	9 476	0	9 476	590 524
Rauland renseanlegg	2007		20 000 000	425 678	668 422	1 094 100	18 905 900
VA Mobø/Steinbakken	2007		1 500 000		22 485	22 485	1 477 515
VA Hakjellstaulli	2007		5 000 000	280 674	1 248 160	1 528 834	3 471 166
Haukelid renseanlegg	2008	7 000 000	7 000 000			0	7 000 000
Avløpsledn. Åbøgrend	2008	2 625 000	2 625 000		4 192	4 192	2 620 808
Austbø renseanl./vassfors.	2008	10 000 000	10 000 000			0	10 000 000
Kloakkpumpestasjon Granborg	2008	600 000	600 000			0	600 000
Haukelid kloakkpumpestasjon	2008	1 000 000	1 000 000			0	1 000 000
Vassuttak brannstasjonen	2008	130 000	130 000			0	130 000
VA-anlegg Haukelid	2008	200 000	200 000			0	200 000
Rukkemo renseanlegg	2008	6 000 000	6 000 000			0	6 000 000
Pumpestasjon Vågslid	2008	3 000 000	3 000 000		6 829	6 829	2 993 171
V/A forsyningsnett Vågslid	2008	10 000 000	10 000 000			0	10 000 000
G/S vegar	2006	2 000 000	2 500 000	23 719	12 075	35 794	2 464 206
Kommunale vegar	2007	4 170 000	8 670 000	4 195 167	12 492	4 207 659	4 462 341
Bruer	2006	1 000 000	2 000 000	164 092	89 038	253 130	1 746 870
Veg/vegljos Slobrekk	2008	360 000	360 000			0	360 000
Salg av bustadar					11 988	11 988	(11 988)
Salg av tomter til bust.					89 494	89 494	(89 494)
Såtehov bustadfelt	2006		4 543 513	3 912 718	0	3 912 718	630 795
Rassikring Bratlandsfeltet	2006		8 385 298	6 161 328	4 245 448	10 406 776	(2 021 478)
Prøvebustad Øyfell	2008	1 300 000	1 300 000			0	1 300 000
Industri/næringsområde	2005	2 000 000	2 848 294	819 106	181 763	1 000 869	1 847 425
Maskinplan	2006	600 000	3 387 912	2 787 912	333 056	3 120 968	266 944
Tettstadutvikling Rauland					111 612	111 612	(111 612)
Tettstadutvikling Åmot	2007	500 000	1 000 000	26 344	48 811	75 155	924 845
Parkeringskjellar Åmot	2008	10 000 000	10 000 000		9 188	9 188	9 990 812
		98 420 000	205 440 594	49 554 129	11 511 540	61 065 669	144 374 925

B. Tertialrapport 1. tertial 2008 frå einingane

Her følgjer ei oppsummering av einingane sine rapportar for 1. tertial 2008. Det vert rapportert på avvik frå verksemdsplanane med rapportering på 4 dimensjonar:

1. Måloppnåing:
 - i høve til overordna prioriteringar og mål, satsingsområde og kvalitet
2. Økonomi
 - om økonomiske og personalmessige ressursar vert nytta som føresett
 - om budsjettramma vil halde
 - om det er nødvendig å setje i verk spesielle tiltak for å halde tildelt budsjettramme
3. Personal
 - om tilhøve knytt til psykososialt miljø, kompetanseutvikling, sjukefråver og HMS/fysisk miljø.
4. Andre tilhøve
 - nye utfordringar og utvikling i høve til handlingsplan for dei neste 4 åra.

1. Måloppnåing

Det er lite avvik å melde frå einingane.

Vinje heimetenester

Natteneste har vore i gang. Lite i bruk. Ein avventar nye tilsettingar og set inn tiltak ved behov.

Teknisk drift og vedlikehald (TDV)

Tenestene har vore redusert særleg i februar på grunn av snorydding.

2. Økonomi

Tre einingar melder om bekymringar for økonomien framover.

Vinje heimetenester

Budsjettramma til Vinje heimetenester held ikkje i år. Sette i gang store tiltak i 2007 som er vidareført i 2008. Ikkje auke i budsjettramma for dette året.

Teknisk drift og vedlikehald (TDV)

Snomåkinga i vinter har ført til ekstra kostnader i eininga.

Ein må ha ein gjennomgang av leigane på CO-OP og bankbyggjet der det er gjort endringar.

Dei høge kostnadene i byggjebransjen er ein utfordring og ein ser at ein skilde kostnadsrammer ikkje er gode nok. Dette vert teke opp politisk der det er tilfelle.

Edland barnehage

Ein trur ramma blir knapp i år, men har hatt ein gjennomgang med økonomiavdelinga for å sjå på tiltak.

3. Personal

Vinje heimetenester

Sjukefråvær i administrasjonen har ført til press på avdelingsleiarar, sjukeheimen og sekretærar.

Hakkespetta barnehage

På grunn av utbygging er det ikkje halde vernerunde, men sjekkrundar og sikring av uteområde går som det skal

Organisasjon, arkiv og IKT (OAI)

Rapporterar at IT-konsulent med hovudansavr for telefoni har eit års permisjon for å arbeid i eit prosjekt for Sjukehuset Telemark. Ein erstattar ikkje denne stillinga i fyrste omgang.

Rauland barnehage

Har som målsetting å gjere noko med det fysiske innemiljøet og har starta dette arbeidet, men reknar med at ein vil nytte lenger tid enn dette året på å få det på plass.

Økonomi, plan og utvikling (ØPU)


Då det ikkje har lukkast å få inn vikar på oppmåling har ein sett 196 kartforretningar ut på anbod.

Vinje kjøkendrift

På grunn av stor etterspørsel frå skular og barnehagar på mat er det leigd inn ekstra hjelp i eit halvt år.

Sjukefråver

Sjukefråværet held seg høgt, men ligg likevel under gjennomsnittet i landet. Ein har ei tett oppfølging av langtidsjukemelde i samarbeid med BHT og NAV. Einingane rapporterar at det er lite fråvær knytt opp mot tilhøva på arbeidsplassen.



3 Andre tilhøve

Organisasjon, arkiv og IKT (OAI)

Serverrommet i kjellaren på kommunehuset er ikkje ferdig. Reknar med innflytting i juli. Det er vatnlekkasjar frå verandaen ved formannskapssalen og ned i kjellaren. Dette er ordna provisorisk, men her må ein byggje tak over verandaen for ikkje å få store skader.

Teknisk drift og vedlikehald (TDV)

Ein del aktørar i bygg- og anleggsbransjen er meir krevjande enn andre. Ein har til tider måtte nytta juridisk bistand for å handtere dette. Dette er tidkrevjande for dei som skal handtere disse situasjonane. Men ein har til no kome greitt ut av desse situasjonane.

Ein god del av leidningsnettet er dårleg. Dette har synt seg når snøsmeltinga sette i gang, særleg er dette tilfelle i Edland/Haukeli. God innsikt frå fagfolk og hjelp frå brannvesen har minskad skadane i år.